



Direktoratet for mineralforvaltning

med Bergmesteren for Svalbard

Se mottakertabell

Dato: 22.05.2015
Vår ref: 14/01130-7
Deres ref:

Høyring av søknad om driftskonsesjon fra Frode Haugsvær Maskin AS om driftskonsesjon for uttak av fjell i Eidsnes næringsområde i Lindås kommune

Leiv Erikssons vei 39
Postboks 3021 Lade
N-7441 Trondheim

TELEFON +47 73 90 40 50
E-POST mail@dirmin.no

WEB www.dirmin.no

GIRO 7694.05.05883

SWIFT DNBNOKK

IBAN NO5376940505883

ORG.NR. NO 974 760 282

SVALBARDKONTOR

TELEFON +47 79 02 12 92

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard (DMF) har motteke søknad om driftskonsesjon etter § 43 i Lov om erverv og utvinning av mineralressursar (minerallova) frå Frode Haugsvær Maskin AS (FHM), datert 23.12.2014.

Søknaden med vedlegg er tilgjengeleg på DMF si heimeside: <http://www.dirmin.no/> under fana "Saker til høyring". Høringsinstansane kan få søknaden tilsendt i papirutgåve ved førespurnad.

Høyringsfristen er **fredag 19. juni 2015**.

Søknaden

Søknaden gjeld uttak av fjell frå Eidsnes næringsområde i Lindås kommune. Området ligg om lag 11 km nordaust for Knarvik-sentrum og om lag 2 km sør for E39. Uttaket av fjell skal gå føre seg på eigedomen gbnr. 244/41,45 og 45. Storleiken på uttaksområdet er ca. 100 dekar. Totalt uttaksvolum er rekna til ca. 1 mill. m³ og forventa årleg uttak er ca. 100 000 m³. Reguleringsplanen for næringsområdet vart vedteken av Lindås kommunestyre 20.03.2013.

ATR Eigedom AS er grunneigar i området og har inngått avtale med FHM om rett til uttak av steinmassar og planering i næringsområdet. FHM ble stiftet i 2003 og har i dag 15 fast tilsette. Selskapet driver med tomteopparbeiding for bustader og industriføremål, VA-grøfter og vegbygging, småkraftverk og drifts-og vedlikehaldskontraktar.

DMF si handsaming av søknaden

Minerallovas formål er å fremje og sikre samfunnsmessig forsvarleg forvaltning og bruk av mineralressursane i samsvar med prinsippet om ei berekraftig utvikling.

DMF er konsesjonsmyndighet i saker som gjeld samla uttak av mineralførekommstar på meir enn 10 000 m³ masse og alt uttak av naturstein.

DMF sender søknadene, inkludert driftsplanar, på høyring til aktuelle høyringsinstansar jf. forvaltningsloven § 17. Dette vil vanlegvis vere grunneigarar og andre kjende rettshavarar, eigalar, drivalar, bebuarar og andre kjende rettshavarar på naboeigedomar som drifta kan få følgjer for, i tillegg til kommunen og statlege forvaltningsorgan.



Søkjaren får høve til å kommentere innkomne fråsegner før DMF gjer vedtak.

Innkomne konsesjonssøknadar går gjennom ei skjønnsmessig prøving hos DMF før det blir avgjort om det skal gjevest driftskonsesjon. I vurderinga av om det skal gjevest driftskonsesjon skal det leggjast vekt på om søkeren er " skikka " til å utvinne førekomensten, det vil seie om prosjektet ser ut til å vere økonomisk gjennomførbart, om det blir lagt opp til bergfagleg forsvarleg drift og om søkeren har tilstrekkeleg kompetanse til å drive førekomensten. I vurderinga skal det også leggjast vekt på:

- Kva tiltaket vil ha å seie for verdiskaping og næringsutvikling
- Korleis tiltaket vil påverke omgjevnadene og dei nærliggjande område under drift
- Dei miljømessige konsekvensane ut utvinning
- Kva planar som finst for etterbruk eller tilbakeføring av området

Dersom DMF gjev driftskonsesjon, blir det knyttt vilkår til den, jf. minerallova § 43. Vilkåra vil mellom anna setje krav til driftsplan og økonomisk sikkerheit.

DMF gjer merksam på at ein driftskonsesjon gjeven etter minerallova ikkje erstattar krav om løyve, godkjenning, arealplan, eller konsesjon etter anna lovjeving. Det er søkeren sitt ansvar å skaffe slikt løyve.

Meir om høyringsfråsegnene

DMF oppmodar høyringsinstansane om å kome med grunngjevne synspunkt på om konsesjon bør gjevest eller ikkje, inkludert konkrete framlegg til avbøtande tiltak og vilkår som bør stillast med omsyn til det ansvarsområdet kvar instans er sett til å forvalte, og for private partar, slike innspel som blir sett på som relevante ut frå konkrete tilhøve i den aktuelle saka. Dersom høyringsinstansen er kjend med tilhøve som ikkje er tilstrekkelig drøfta i søknaden, ønskjer vi opplysningar om desse.

Generelle kommentarar knytt til arealbruken i området skal ikkje vurderast i samband med søknadar om driftskonsesjon. Dette omsynet er sikra gjennom plan- og bygningslova. I vurderinga vår vil vi difor ikkje leggje nemnande vekt på synspunkt som gjeld kommunen si allereie vedtekne arealdisponering (arealplan, reguleringsplan og eventuelle dispensasjonar frå kommuneplanen).

Vi ber kommunen om å informere oss snarast råd dersom det finst aktuelle høyringsinstansar som ikkje står på adresselista.

Innsending av høyringsfråsegnar

Vi ber om at høyringsfråsegnar blir send innan fristen 19. juni 2015, på e-post til mail@dirmin.no eller ordinær post til: Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard, Postboks 3021 Lade, 7040 Trondheim

Deler av høyringsfråsegnar kan bli sitert i vedtaket om konsesjon skal gjevest eller ikkje. Dersom fråsegnar er omfattande, er det ein fordel om det utarbeidast eit samandrag som kan brukast til dette.



Med helsing

Torbjørn Killi Olsen
seksjonsleder

Børre Fiva
senioringeniør

Dokumentet er elektronisk signert og har derfor ikke håndskrevne signaturer.
Saksbehandler: Børre Fiva

Mottakere:

Lindås kommune, Fylkesmannen i Hordaland, Hordaland fylkeskommune, Inger Elisabeth og Martin Halland, Vidar Nottveit, Spectra Norge AS, Nordhordland Skogeierlag SA

Kopi med vedlegg:

Frode Haugsvær Maskin AS, Nordhordland Maritime Næringspark AS



Mottaker	Adresse	Sted
Lindås kommune	Kvernhusmyrane 20	5914 ISDALSTØ
Fylkesmannen i Hordaland	Postboks 7310	5020 BERGEN
Hordaland fylkeskommune	Postboks 7900	5020 BERGEN
Inger Elisabeth og Martin Halland	Garnesvegen 21	5260 INDRE ARNA
Vidar Nottveit	Eidsnesvegen 131	5913 EIKANGERVÅG
Spectra Norge AS	Postboks 2002 Nordnes	5817 BERGEN
Nordhordland Skogeierlag SA	c/o Sigvard Hopland Nesbrekka 2	5912 SEIM
Frode Haugsvær Maskin AS	Austfjordvegen 2472	5981 MASFJORDNES
Nordhordland Maritime Næringspark AS	Sandviksbodene 6	5035 BERGEN